

**SAK 18/07 PARTNARSKAPSAVTALE MED BUSKERUD FYLKESKOMMUNE,  
SØKNADAR 2007**

**Saksopplysning**

Buskerud fylkeskommune har med bakgrunn i partnarskapsavtala med Regionrådet for Hallingdal løyvd kr. 2.435.000 for 2007.

Ubrukte midlar for 2006 var totalt kr. 833.958.

Regionrådet innstilte i sak 54/06 på kr. 45.000 til Vassfaret Bjørnepark og i sak 55/06 på kr. 200.000 til industri og rekruttering. Fylkesutvalet vedtok desse sakene 31.1.2007.

Ubrukte midlar etter desse vedtaka var kr. 588.958.

**Resterande ramme for 2007 er ut frå dette kr. 3.023.958.**

I forhold til dei regionale utviklingsmidlane er det gjort følgjande bindingar for 2007:

- Partnarskapsavtale med DBC Næringshage, sak 45/04

I tillegg har yrkesmessa og vassdragsovervaking i Hallingdalselva og Heimsila vore ein årleg post.

I det etterfylgjande er den enkelte søknad vurdert.

**DBC Næringshage (vedlegg 1 og 2)**

I sak 45/04 vart det gjort vedtak om partnarskapsavtale med DBC-Næringshage for perioden 2005 – 2007.

For 2005 vart det prioritert tiltak innanfor ei honorarramme på kr. 292.500, og som skulle tilsvara 50% av prosjektkostnadane.

For 2006 vart det løyvd midlar ut frå ei samla øvre ramme på kr. 600.000 i partnarskapsavtala, der regionale utviklingsmidlar kunne dekke inntil 50 % av kostnadane. Vedlegg 2 gjer eit oversyn over ressursbruken i 2006.

For 2007 vil partnarskapsavtala prioritere same hovudpunkta som i 2006:

1. Entreprenørskap og nyskapning
2. Skole Næringsliv/ Rekruttering
3. Kunnskap og FOU
4. Alliansebygging og bedriftsnettverk

DBC-Næringshage er ein viktig aktør i deler av næringsutviklinga i Hallingdal. For Regionrådet er det i fyrste rekke prioriterte regionale prosjekt som det er viktig å støtte opp under.

Det er viktig å understreke at samla bruk av offentlege midlar ikkje skal overskride 50%.

Ein del prosjekt i regi av DBC Næringshage er til dels finansiert med offentlege midlar utanom partnarskapsavtala. Det er viktig at partane er bevisst på dette slik at det ikkje blir ei "kryssfinansiering", som ikkje er etter føremålet med partnarskapsavtala..

Gjennomføring av avtala skal skje i eit nært samarbeid mellom dagleg leiar for Næringshagen og Regionrådet.

Tiltaket kan klart definerast inn som ein del av Strategisk plan for Hallingdal under punkt som:

- Pkt. 6.b.1: Partnarskapsavtale med DBC-Næringshage
- Pkt. 6.c: Auke entreprenørskaps- og innovasjonsevna.
- Mål 8: Etablere utviklingsarenaer for innovasjon og nyskapning

**For 2007 vil eg forslå tilsvarende ramme som for 2006, kr. 300.000.**

### **Hallingdal Reiseliv, Eventyrveien og Eventyrferden (vedlegg 3)**

Søknadsbeløp: Kr. 600.000  
Prosjektansvarleg: Hallingdal Reiseliv AS  
Prosjektleiar: Hallingdal Reiseliv AS ved Gunn Eliassen  
Prosjektstyre: Marknadsutvalet (samarbeidspartnerane i Eventyrveien)  
Varigheit: 1. desember 2006 til oktober 2007.  
Avslutningsrapport: november 2007

Eventyrveien ([www.eventyrveien.no](http://www.eventyrveien.no)) er eit godt innarbeida samarbeidsprosjekt mellom destinasjonane i Hallingdal, Reisemål Hardanger Fjord og Aurland og Lærdal Reiselivslag. Hallingdal Reiseliv definerer Eventyrveien som det viktigaste marknadsføringsverktøyet på den internasjonale marknaden. Kombinasjonen av fjell og fjord har stor appell i marknaden og syner at samarbeidet med fjordane er sentralt for å lykkast internasjonalt.

Noko av utfordringane er å skape salsutløysande tiltak som følger opp den profilmarknadsføringa som Eventyrveien gjer. Hallingdal Reiseliv AS har laga ei strategisk plattform som prioriterar denne type tiltak.

Det blir sett på som viktig at Eventyrveien skal vera med å skapa konkrete resultat for bedriftene i Hallingdal. Spesielt utnytting av Internett som marknads- og distribusjonskanal der Eventyrveien skal ha ein sentral rolle i den totale marknadskampanjen for Hallingdal.

Hallingdal Reiseliv har 2 hovudsatsingsområde for sesongen 2007. Den eine er ei vidareføring av utvikling av salbare tematiske pakker. Det andre er ei ny storsatsing på eit konsept innanfor Eventyrveien, som skal marknadsførast under navnet "Eventyrferden".

#### **1. Utvikling av salbare tematiske pakker:**

- Utvikle 25 pakker som skal bli bookbare.
- Skapa eit samarbeid mellom transportselskap og Eventyrveien.
- Knytte opp Tellus Destination<sup>1</sup> til [www.eventyrveien.no](http://www.eventyrveien.no) - for å få ein integrert søkefunksjon for overnatting som er oppdatert og kvalitetssikra av bedriftene/destinasjonsselskapa.

Prosjektet med å utvikle tematiske pakker er ein integrert del av Eventyrveien/ Eventyrferden kampanjen, samtidig som det også vil vera bidrag til relaterte prosjekter der Hallingdal Reiseliv har ein koordinerande rolle for regionen, som:

- Innovativ Fjellturisme og kortferieprosjektet.
- BTV-prosjektet: Fly & drive og torp.no der ein skal nytte lavprisflyselskapa som landar på Sandefjord Lufthavn Torp til å skape trafikk til BTV-regionen.

---

<sup>1</sup> Tellus Destination (AS) er en nasjonal database som de fleste regioner bruker til å oppdatere sine aktiviteter, arrangement, attraksjoner og overnatting. Den bygger på nasjonal standart utviklet i BIT-Reiseliv - et prosjekt gjennomført av Innovasjon Norge for å skape informasjonsstandarder for reiselivet på Internett. Brukes og vil bli brukt i de fleste store reiselivsportaler: visitnorway.com, finn.no, torp.no, osl.no, fjornorge.no, google. m.m.

- Felles prosjekt for å få oppdatert Tellus Destination med reiselivsinformasjon fra reiselivsbedriftene i Buskerud Fylke.

## 2. ”Eventyrferden - ekte, friskt og lekent”

- Over 30 ekte opplevelingar i Hallingdal, Aurland, Lærdal og Hardanger. Konseptet skal ha forankring i naturopplevelingar og vår kulturarv.
- Et barne- og familiekonsept
- Målsettingar med konseptet er:
  - Spisse marknadsføringa mot definerte målgrupper for å få eit tydelegare bodskap.
  - Gjennom konseptet skal ein skapa god interninformasjon og bevisstgjering rundt:
    - Utvikling og kvalitetssikring av aktivitetar spissa mot spesielle målgrupper, i denne samanheng barnefamiliar.
    - Bevisstgjera aktivitetsleverandørar/attraksjonar rundt marknadskommunikasjon, kvalitetssikring, service og leveringstryggleik.
    - Betyding av sal og marknadsføring av aktivitetstilbod/attraksjonar i alle ledd gjennom fokus på distribusjon av Eventyrkortet og formidling av konseptet. I den samanheng skal det utviklast eit enkelt opplæringsprogram.

Total kostnad for prosjektet utan at eigeninnsats er medrekna er kr. 2.081.400, der kr. 940.000 er øyremerka Eventyrferden.

Prosjektet har ei god eigenfinansiering

Tiltaket kan klart definerast inn som ein del av Strategisk plan for Hallingdal under punkt som:

- Mål 9: Vidareutvikle Hallingdal til den fremste reiselivsregionen i landet.
- Pkt. 9.a.1: Støtte opp om felles reiselivsselskap Hallingdal Reiseliv

**Det blir søkt om kr. 600.000 til prosjektet som eg vil foreslå at blir løyvd.**

## Hallingdal Reiseliv AS; vidareføring av sykkelprosjekt i 2007/2008 (vedlegg 4)

Søknadsbeløp:	Kr. 200.000
Prosjektansvarleg:	Hallingdal Reiseliv AS
Prosjektleiar:	Hallingdal Reiseliv ved Trond Asle Daltveit
Varigheit:	1. august 2007 – 30. juli 2008.
Avslutningsrapport:	August 2008

Det er tilsatt ein stipendiat i samarbeid med Hallingdal Reiseliv AS, Høgskolen i Lillehammer og Buskerud Fylkeskommune, som i dag arbeidar med koordinering av sykkelutvikling i Hallingdal. Prosjektet sine aktivitetar er m.a. utvikling av regionale sykkelruter, koordinering av Hallingdal som den fyrste ”Syklist Velkommen regionen” i Norge med Nesbyen, Gol/Golsfjellet, Hemsedal, Ål/Bergsjø og Hemsedal som deltakande destinasjonar. Digitale kartløysingar av lokale og regionale sykkelruter og marknadsføringsaktivitetar og kompetanseheving om sykkelmarknaden. Det blir synt eit stort engasjement i regionen, og det er ynskjeleg å vidareføre denne satsinga i 2007/2008.

Hovudoppgåver i den vidare satsinga skal vera:

- Utvikling av Hallingdal Rundt og Skarvheimen Rundt som Nasjonale sykkelrundar i samarbeid med Statens Vegvesen.

- Vidareutvikle digitale kartløysingar i samarbeid med Hallingkart.
- Vedlikehalde og kvalitetssikre det lokale sykkelpunktet.  
Dette blir gjort i samarbeid med Stiftelsen Sykkelturisme i Norge som har utvikla konseptet "Syklist Velkommen" med eigne kravspesifikasjonar til både regionar, destinasjonar og bedrifter.
- Auke kompetansen om marknaden.
- Vera pådrivar for regionalt samarbeid mellom sykkeltrekkarar.
- Marknadsføringsaktivitetar med fokus på Hallingdal som den fyrste og best tilrettelagte Syklist Velkommen regionen i Norge. Arbeide med regionale sykkelpakker og marknadsføre desse gjennom Eventyrveien og Eventyrferden.

Total kostnad for prosjektet utan at eigeninnsats medrekna er kr. 565.000.

Tiltaket kan klart definerast inn som ein del av Strategisk plan for Hallingdal under punkt som:

- Mål 9: Vidareutvikle Hallingdal til den fremste reiselivsregionen i landet.
- Pkt. 9.a.1: Støtte opp om felles reiselivsselskap Hallingdal Reiseliv

**Det blir søkt om kr. 200.000 til prosjektet som eg vil foreslå at blir løyvd.**

#### **Hallingdal Reiseliv AS; Kartprosjekt (vedlegg 5)**

Søknadsbeløp: Kr. 314.000  
 Prosjektansvarleg: Hallingdal Reiseliv AS  
 Prosjektleiar: Hallingdal Reiseliv as ved daglig leiar Gunn Eliassen  
 Styringsgruppe: Bente Holsing, Destinasjon Geilo og Odd Holde, Hemsedal turistkontor, samarbeidspartnerane i Eventyrveien.  
 Varigheit: 1. mai 2007 – oktober 2007.  
 Avslutningsrapport: November 2007

For og kunne illustrere tilbod til kundar ynskjer Hallingdal Reiseliv i samarbeid med destinasjon Geilo og Hemsedal turistkontor å sette i gang eit prosjekt for å få teikne eit illustrasjonskart, 3D kart, for Hallingdal, Sogn og Hardanger (Eventyrveien)

Hallingdal Reiseliv meiner dette er viktig for å kunne visualisere naturen og aktivitetar /attraksjonar. Ved hjelp av teikna 3D kart vil ein få fram topografi og mogelege naturopplevelingar på ein god måte. T.d. vil satsinga på sykkel kunne visualiserast med t.d. markerte sykkelruter.

Karta skal kunne nyttast både digitalt og på trykk, og det er planar om å implementere video og foto presentasjon på kartet.

Det regionale kartet skal presenterast på [www.eventyrveien.no/com](http://www.eventyrveien.no/com), der gjestene kan klikke seg ned på destinasjonsnivå. Destinasjonane kan få teikna sine egne destinasjonskart. Dette vil gje ein heilskapleg marknadsføring av Hallingdal på nettstadane til dei eksklusive destinasjonane. I fyrste omgang vil det bli fokusert på sommarkart.

Total kostnad for prosjektet er kr. 628.000.

Eg trur det er behov for type illustrasjonskart som er skissert i søknaden. Men samstundes bør det etter mitt syn vurderast andre produksjonsmetodar, ut frå dagens data teknologi for utvikling av 3D-modellar og 3D animasjon. Dette vil også kunne gje ein mykje større fleksibilitet i forhold til endringar og nye behov for illustrasjonar/visualisering. Kartgrunnlaget Hallingdal har og satsinga som er gjort på ortofoto bør vera ein svært godt grunnlag for å tenkje visualisering både på nett og som illustrasjonskart.

Tiltaket kan klart definerast inn som ein del av Strategisk plan for Hallingdal under punkt som:

- Mål 9: Vidareutvikle Hallingdal til den fremste reiselivsregionen i landet.
- Pkt. 9.a.1: Støtte opp om felles reiselivsselskap Hallingdal Reiseliv

**Det blir søkt om kr. 314.000 til prosjektet. Eg vil foreslå at det blir løyvd inntil kr. 314.000 etter at det er gjort ei vurdering av alternative løysingar.**

**Hallingdal Museum; Søknad om midlar til vidareføring av "Prosjekt museum- og reiselivssamarbeid" i 2007 (vedlegg 6)**

Søknadsbeløp: Kr. 174.000  
Søker: Hallingdal Reiseliv AS og Hallingdal Museum  
Varighet: 2007

Hallingdal Museum og Hallingdal Reiseliv fekk eit tilskot på kr. 276.500 i 2006, til produktutvikling av eit museums- og reiselivssamarbeid.

Ideen var å skapa eit salgbart reiselivs-/opplevelingsprodukt med høg kvalitet med lokal forankring, der ein nyttar musea som ramme for stemningsfulle kulturarrangement med smak av tradisjonsmat. "Spille på flest mulig av gjestenes sanser. Godt for ganen, godt for øyet, godt for øret."

Spelet "Det magiske jernet" oppstod som eit samarbeidsprosjekt mellom Hallingdal Museum, Hallingdal Reiseliv, Hallingkost og Haugafolk.

Framsyninga vart sett opp 7 gonger i tidsrommet 28. juni til 16. august, på dei ulike musea i Hallingdal.

Hallingdal Museum og Hallingdal Reiseliv søker no om midlar til vidareføring av "Prosjekt museum- og reiselivssamarbeid" i 2007 som element i prosjektet "Eventyrferden" v/Hallingdal Reiseliv AS.

Vidareutviklinga av prosjektet er å laga eit tettare samarbeid med Hallingdal Reiseliv og samtidig setta opp stykket på fleire arenaer. "Det Magiske jernet" skal vidareutviklast til å bli meir barnevennleg. Dette gjer at framsyninga kan koma med som element i Hallingdal Reiseliv sitt nye satsingsområde, "Eventyrferden".

Ved å setta opp spelet på fleire sentrale punkt langs "Eventyrferden", vil det bli meir kjent og nå ut til eit større publikum. Det er og i museet si interesse å samarbeide med fleire aktørar, for å bli ein naturleg og sjølvsagt del av besøkspunkta i Hallingdal.

I 2006 vart det lagt mykje arbeid i å utvikle konseptet og få sett det opp ved dei einklide musea. I år blir utfordringa å få dette tilpassa barnefamiliar som ei oppleveling på dei ulike arenaene. I tillegg blir det heilt avgjerande at konseptet blir marknadsført til eit breiare publikum enn i fjar.

Speleplanen for det ny-utvikla "Magiske Jernet":

- 4.7 – Ål Bygdamuseum
- 6.7 – Hol bygdamuseum
- 7.7 – Bjørneparken i Flå
- 10.8 – Middelalderparken, Gol
- 15.8 – Hemsedal Bygdatun
- 16.8 – Dagali Museum

Tiltaket kan klart definerast inn som ein del av Strategisk plan for Hallingdal.

Mål 7: ” Kulturliv, næringsliv og det offentlege skal stimulere kvarandre for å utvikle Hallingdal til ein profilert kulturregion”. Tiltak 7.b.2: Hallingdal Museum som regional institusjon i samspel kultur/turisme.

Det er svært positivt at det no er eit reelt samarbeid mellom Hallingdal Museum og reiselivsnæringa.

Etter mi vurdering er dette eit prosjekt som vil kunne bidra til å lyfte sommartilbodet til turistane i regionen, og halde lenger på dei som kjem til Hallingdal.

Kombinasjonen av teater og mat som kulturformidling er i tida og bør kunne utviklast vidare.

Det er søkt om kr. 174.000 til prosjektet som har ei kostnadsramme på kr. 449.600.

I budsjettet er det rekna med billettinntekter på kr. 44.000. Etter mitt syn er dette lågt ut frå 6 framsyningar og at det i 2006 var 373 betalande. Ei billettinntekt på minimum kr. 60.000 bør etter mitt syn vera eit mål. Mat frå Hallingkost på kr. 45.000 (meir enn stipulerte billettinntekter) verkar og høgt dersom publikumstala ikkje skal vera høgare.

**Ut frå dette vil eg foreslå at det blir løyvd kr. 150.000 til prosjektet.**

#### **Hallingdal Teaterverkstad; støtte til jubileumsforestilling (vedlegg 7)**

Søknadsbeløp:	Kr. 250.000
Søker:	Hallingdal Teaterverkstad
Prosjektansvarleg:	Hallingdal Teaterverkstad
Prosjektleiar:	Hallingdal Teaterverkstad ved daglig leiar Gry Tøsdal
Varigheit:	2007 – februar 2008

Hallingdal Teaterverkstad (HTV) fyller i 2007 20 år og vil markere dette med ei storstilt teaterframsyning med amatørskodespelarar frå heile Hallingdal.

Framsyninga skal også vera ei satsing i eit møte mellom profesjonelle og amatørar.

Stykket som skal visast er ”Bikubesong”, basert på ein roman av Frode Grytten; teaterversjonen er skriven av Lasse Kolsrud.

”Bikubesong” hadde urpremiere 5. september 2003, og har m.a. hatt 188 framsyningar på Det Norske Teateret.

HTV har leigd inn Linn Meyer Kongshavn som instruktør.

Det skal leigast inn 1-2 profesjonelle skodespelarar, men resten av rollane i eit ensemble på 19 personar vil bli henta blant amatørskodespelarar i Hallingdal.

HTV sitt 20 års-jubileum blir lagt til fyrste halvdel av februar 2008; med premiere 9. februar og 6 framsyningar i veka som følgjer, i Ål kulturhus.

Total kostnad for prosjektet er kr. 1.150.000. Her er ikkje eigeninnsats medrekna. Det blir søkt om kr. 250.000 til prosjektet.

Hallingdal Teaterverkstad har gjennom 20 år vore ein viktig del av det rike og viktige amatørteatermiljøet som er i Hallingdal. Dette er arbeid som utan tvil er med på å vidareutvikle Hallingdal som ein profilert kulturregion.

Det er positivt at Hallingdal Teaterverkstad vil ta på seg denne storsatsinga.

Tiltaket kan klart definerast inn som ein del av Strategisk plan for Hallingdal under punkt som:

Mål 7: Kulturliv, næringsliv og det offentlege skal stimulere kvarandre for å utvikle Hallingdal til ein profilert kulturregion.

**Eg vil foreslå at det blir løyvd kr. 250.000 til prosjektet.**

**Hallingdal Museum; Søknad om midlar til arkeologisk registrering av kulturminner på Gardnos (vedlegg 8)**

Søknadsbeløp: Kr. 250.000  
Søker: Hallingdal Museum  
Prosjektansvarleg: Hallingdal Museum  
Varighet: 2007

Hallingdal museum og Nes historielag søker om inntil kr. 30 000 til støtte til arkeologisk registrering av kulturminner på Gardnos.

Total prosjektkostnad er kr. 77.000 og det er allereie løyvd kr. 50.000 frå Buskerud fylkeskommune.

Ut frå partnarskapsavtala med Regionrådet skal det offentlege bidraget maks. vera 50%. Ut frå dette kan det ikkje løyvast midlar til prosjektet.

**Vassfaret Bjørnepark; Søknad om støtte til prosjektering av ei natur- & miljøsenter (vedlegg 9)**

Søknadsbeløp: Kr. 100.000  
Søker: Vassfaret Bjørnepark  
Prosjektansvarleg: Eigen styringsgruppe.  
Varighet: 2007

Regionrådet for Hallingdal drøfta i sak 51/05 støtte til Sør Norsk Natur- og Miljøsenter i Vats, med bakkgrunn i søknad til Buskerud fylkeskommune.

Den gongen sette fylkeskommunen ein føresetnad for å engasjere seg i saka, at regionen og næringslivet deltok i stor grad, både som eigarar, pådrivar og deltakrar.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka, men som ein konklusjon var det semje om at det ville vera fornuftig å klargjera næringslivet sitt engasjement, før fylkeskommunen handsama saka.

Det synte det seg vanskeleg å få næringslivet til å engasjere seg og det vart ikkje noko meir med saka.

No har denne saka teke ei ny vending, ved at Olav Thon har engasjer seg. Han vil gi eit bygg til Vassfaret Bjørnepark, for å skape aktivitet, og som vil styrke driftsgrunnlaget i bjørneparken.

Thon har teke kontakt med Lågrinn Zoo Prep. om oppbygging av naturfaglege utstillingar i nybygget, med tanke om å bygge opp eit liknande senter som var planlagt i samband med Sørnorsk Natur & Miljøsenter. Målet er å bygge opp ein heilårs attraksjon for reiselivet i regionen, i nært samarbeid med bjørneparken.

Bygget er tenkt plassert ved inngangen til bjørneparken, og er antyda i storleik 1500 – 2000 m<sup>2</sup>. Thon ynskjer å fylle bygget med aktivitetar/opplevelingar for familiar og barn som er relatert til verdigrunnlaget til bjørneparken. Aktivitetane skal ha høg kvalitet og vera av nasjonal storleik og karakter. I tillegg er det planlagt kafé/restaurant, møte-/festlokale, kinosal/auditatorium og butikk med sal av effektar frå bjørneparken.

Forslaget er basert på erfaringar rundt etableringa av Hallingdal Natur & Miljøsenter, og forsøket på å etablere Sørnorsk Natur & Miljøsenter.

Flå kommune, Bjørneparken, Lågrinn Zoo. Prep. og Jan Fekjan, går i saman for å prosjektøre natur og miljøsenteret, og skaffe ca.5.5 - 6,0 mill. kroner, frå div. sponsorar, til fyrste byggetrinn for utstillingane.

Det er under etablering ei lokal styringsgruppe som skal ha til oppgåve å utvikle innhaldet i det nye bygget, i samarbeid med styret for bjørnparken, Olav Thon, Lågrinn Zoo Prep og andre samarbeidspartar.

Formannskapet i Flå har samråystes innstilt overfor k-styret og løyve kr.100.000.- til prosjekteringsarbeidet, samt 1 mill. kr til utvikling av dei naturfaglege utstillingane, under føresetnad av fullfinansiering.

Vassfaret Bjørnepark er eit aktivitetsanlegg som reiselivsnæringa og Hallingdal har stor nytte av. Samstundes er dette type anlegg som stadig må fornye seg for å vera attraktive.

Innspelet og engasjementet frå Olav Thon er svært positivt og vil utan tvil kunne vera med å heve attraksjonsnivået til Bjørneparken.

Eit eige bygg der ideane til Sørnorsk Natur & Miljøsenter blir teke inn, bør vera midt i blinken.

**Det blir søkt om kr. 100.000 til prosjekteringsarbeidet, som eg vil foreslå at blir løvd.**

#### **Norwegian centre of expertise – reiseliv, (vedlegg 10)**

Søknadsbeløp: Kr. 50.000

Prosjektansvarleg: Eigen styringsgruppe

Prosjektleiar: Ragnhild Kvernberg - Re Plan.

Varigheit: 2007

Programmet Norwegian Centres of Expertise (NCE) er ei nasjonal satsing frå 2006, og er etablert for å forsterke innovasjonsaktiviteten i dei mest vekstkraftige og internasjonalt orienterte næringsklyngene i Norge. Programmet rettar seg i fyrste rekke mot grupperingar av bedrifter.

Programmet skal bidra til å målrette, forbetre og akselerere pågåande utviklingsprosessar i desse klyngene. Bedriftene skal få eit betre grunnlag for å setja i verk og gjennomføre krevjande innovasjonsprosessar.

Oppdragsgivar for programmet er Kommunal- og regionaldepartementet og Nærings- og handelsdepartementet.

Programmet blir gjennomført av Innovasjon Norge, SIVA og Norges forskningsråd i samarbeid

På nasjonalt nivå kan det vera aktuelt å opprette 10 – 12 næringsklynger med status NCE. I 2006 vart det plukka ut 6 grupper.

Programmet tilbyr faglig og økonomisk støtte til langsiktige utviklingsprosessar i inntil 10 år  
Programmet kan finansiere inntil 50% av kostnadane avgrensa til 7 mill kr pr år.

Reiselivsbedrifter på Geilo, Hemsedal og Gol har bestemt seg for å søke i år og er godt i gang med søknadsprosessen. Vedlagt notat gjer godt greie for korleis reiselivsbedriftene i Hallingdal vil utforme sin søknad.

Det er viktig å peike på at kjernebedrifter og samarbeidspartar ikkje treng vera statisk. Det er sjølv sagt viktig og nødvendig med eit visst tal på kjernebedrifter, men dette kan t.d. utvidast til å gjelde mange fleire bedrifter, der t.d. heile Hallingdal kan vera det geografiske området. NCE-programmet set svært store krav til søknad og prosess i forhold til denne. M.a ut frå at dette er ei langsiktig satsing og store stønadsbeløp.

Budsjett for reiselivet i Hallingdal sin prosjektsøknad:

**Kostnadar:**

Erik Jacobsen/Menon	320.000
Ragnhild Kvernberg/Re Plan	152.000
Eigeninnsats bedrifter	250.000
Regionrådet for Hallingdal, eigeninnsats	40.000
Andre underleverandørar	73.000
Møter, div.	25.000
AS aksjekapital / stiftingskost.	120.000
Uforutsett	<u>30.000</u>
<b>Samla</b>	<b><u>kr 1.010.000</u></b>

**Finansiering:**

Arbeidsgiv.kompensasjonsmidler	200.000
Egeninnsats	290.000
Regionrådet for Hallingdal	50.000
Buskerud Fylkeskommune	<u>470.000</u>
<b>Samla</b>	<b><u>kr 1.010.000</u></b>

Det er svært positivt at reiselivsnæringa i Hallingdal, med nokre av dei ”tyngste” aktørane, har engasjert seg i å få eit NCE til Hallingdal. I tillegg til hovudintensjonane med programmet vil eit NCE – reiseliv i Hallingdal skapa merksemd og gje status.

Arbeide for status som Norwegian Centres of Expertise ligg også inne som eit konkret tiltak i handlingsprogrammet til Strategisk plan for Hallingdal (pkt. 6.b.3)

**Det blir søkt om kr. 50.000 til søknadsarbeidet, som eg vil foreslå at blir løyvd.**

## **Forslag til vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal vil i denne omgang prioritere følgjande tiltak for 2007:

a) Partnarskapsavtale med DBC-Næringshage, 2007	kr. 300.000
b) Hallingdal Reiseliv, Eventyrveien og Eventyrferden	kr. 600.000
c) Hallingdal Reiseliv AS; vidareføring av sykkelprosjekt i 2007/2008	kr. 200.000
d) Hallingdal Reiseliv AS; Kartprosjekt	kr. 314.000
e) Hallingdal Teaterverkstad; støtte til jubileumsforestilling	kr. 250.000
f) Vassfaret Bjørnepark; Søknad om støtte til prosjektering av eit natur- & miljøsenter	kr. 100.000
g) Norwegian centre of expertise – reiseliv	kr. 50.000
h) Yrkesmessa 2007	kr. 100.000
i) Vassdragsovervaking 2006	kr. 200.000
<b>TOTAL SUM</b>	<b><u>kr.2.114.000</u></b>

2. Regionrådet for Hallingdal rår til at det ut frå framlagt finansieringsplan, ikkje blir løyvd midlar til Hallingdal Museum; Søknad om midlar til arkeologisk registrering av kulturminner på Gardnos

Ål 21.3.2006

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

- Vedlegg 1: Strategisk plan for DBC Næringshage AS, 2007 - 2009  
Vedlegg 2: Delrapport II (2006) Partnerskap DBC Næringshage AS – Regionrådet Hallingdal  
Vedlegg 3: Hallingdal Reiseliv; Søknad om nærings- og utviklingsmidler til Eventyrveien og Eventyrferden.  
Vedlegg 4: Hallingdal Reiseliv; Søknad om utviklingsmidler til videreføring av sykkelprosjekt i 2007/2008.  
Vedlegg 5: Hallingdal Reiseliv; Kartprosjekt, søknad om nærings og utviklingsmidler.  
Vedlegg 6: Hallingdal Museum, Søknad om midlar til videreføring av ”Prosjekt museum- og reiselivssamarbeid” i 2007.  
Vedlegg 7: Hallingdal Teaterverkstad; støtte til jubileumsforestilling  
Vedlegg 8: Hallingdal Museum; Søknad om midlar til arkeologisk registrering av kulturminner på Gardnos  
Vedlegg 9: Søknad om støtte til prosjektering av et natur- & miljøsenter i Vassfaret Bjørnepark  
Vedlegg 10: Norwegian centre of expertise – reiseliv